

Sakshandsamar
Sindre Børsheim Ramung, tlf 57 67 61 33

Vår dato
12.01.2007
Dykkar dato
15.11.2006

Vår referanse 2006/1076 - 225/2007	KD
Dykkar referanse 200607215	
22 JAN. 2007	
200607215 - 106	

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Fråsegn om endringar i lov om fagskuleutdanning

Vi viser til høyringsbrev om forslag til endringar i lov om fagskuleutdanning (20. juni 2003 nr. 56). Høgskulen i Sogn og Fjordane har følgjande merknader til framlegget:


Til § 2, nytt tredje ledd


Dersom fagskuleutdanning skal kunne leggjast til grunn for opptak til høgre utdanning, er det avgjerande at Nasjonalt Organ for Kvalitet i Utdanninga (NOKUT) si database over godkjente fagskuleutdanningar blir halde korrekt og fortløpande oppdatert.

Til § 5, andre ledd

Direktøren meiner at det bør gå tydeleg fram av forskrifta at sluttokumentasjon frå fagskuleutdanning må stadfeste at studenten har avslutta og bestått alle komponentar i utdanninga. Denne typen dokumentasjon er naudsynt for å kunne avgjere om det finst grunnlag for opptak til høgre utdanning. I sluttvurderinga bør det også gå fram kva for nokre fag som inngår i utdanninga. Direktøren meiner dessutan at alle fag- og læreplanar frå fagskulene må vere offentleg tilgjengelege.

Med helsing


Hans-Jørgen Binningsbø
Direktør


Terje Bjelle
Studiedirektør